



Til

Regjeringa
v/Samferdsleminister Knut Arild Hareide

Krav om prioritering av Ferjefri E39 i Regjeringa sitt framlegg i Nasjonal Transportplan 2022-2033.

Ferjefri E39 er Vestlandet sitt Inter-City samband og det viktigaste sambindingsprosjektet på Vestlandet. Det er også eit svært viktig nasjonalt prosjekt. Ferjefri E39 vil knyte saman heile Vestlandet på ein rask, effektiv og framtidretta måte. Visjonen om eit ferjefritt samband på Vestlandet må forsterkast og vidareutviklast i Regjeringa sitt framlegg til Nasjonal Transportplan 2022-2033.

Då Stortinget handsama Nasjonal Transportplan 2018 – 2029 i juni 2017 vart den langsiktige målsettinga om å bygge ut E39 mellom Kristiansand og Trondheim stadfesta. Grunngevinga var mellom anna at ein utbetra og Ferjefri E39 ville knyte tettare saman byane på Vestlandet og bygge nye store næringslivsregionar. Ferjefri E39 vil også knyte sterkare saman viktige bu og arbeidsregionar langs heile strekninga, også i område med lågare busetnad.

Dei prioriterte fjordkryssingsprosjekta på Vestlandet Rogfast, Hordfast og Møreaksen må gjennomførast i tråd med prioriteringane i gjeldande NTP. Dei andre fjordkryssingsprosjekta må planleggast og gjennomførast etter den tidsplanen som ligg til grunn i gjeldande NTP. Dette gjeld både Byrkjelo-Svarstad og Hareid Fastlandssamband. Kryssing av Sognefjorden ligg lenger fram i tid, men det er også ein del av visjonen om Ferjefri E39. Det må vurderast å framskande enkelte fjordkryssingsprosjekt når planane er klare.

Vestlandet er den regionen i Norge som har den største verdiskapinga og gode kommunikasjonar er ein kritisk faktor for å legge til rette for auka verdiskaping, betra konkurransekraft og vidareutvikling av næringslivet i Vestlandet. Det er også heilt avgjerande for konkurransekrafta i eksportretta næringar at ein har effektive, trygge og sikre samband som gje god mobilitet slik ei ferjefri hovudfartsåre gjennom heile Vestlandet gjev.

Konklusjon:

Denne uttalen handlar om eit felles krav om å gjennomføre bygging og planlegging av dei ulike strekningane på Ferjefri E39 og at ein skal halde fast på dei trasevala som er gjort.

For næringslivet og for den nasjonale verdiskapinga er det heilt avgjerande at Regjeringa og seinare Stortinget legg til rette for at heile visjonen om Ferjefri E39 blir vidareført og forsterka i Nasjonal Transportplan 2022-2033. Dei prioriterte prosjekta, både fjordkryssingsprosjekt og utbetningsprosjekt må få oppstartløyving i første planperiode.

Vestlandet 4. februar 2021

Med helsing



Bjørn Lødemel, dagleg leiar/s



Marit Warnche, adm.dir./s



NÆRINGSFORENINGEN
ÅLESUNDREGIONEN 1847

Lene Trude Solheim adm.dir./s



STORD NÆRINGSRÅD

Anne-G. Sandtorv, dagleg leiar/s



næringsforeningen
HAUGALANDET

Bernt Jæger, adm.dir. /s



Tormod Andreassen, næringspol. leiar/s

Kopi:

Statsminister Erna Solberg

Medlemene i Transportkomiteen på Stortinget

Partia på Stortinget